

TV-aksjonen søndag 22.okt. 2017 går dette året til UNICEF



Pengane som blir samla inn dette året, går til å hjelpa barn og unge i krigssoner/konfliktområde slik at dei kan få den skulegongen/utdanninga og hjelpa dei har rett på. «Kvart barn har moglegheiter»
Sjå elles på nettet: www.blimed.no

Info om UNICEF:

UNICEF jobbar hardt og målretta for at barn og unge ikkje skal få framtida si øydelagt på grunn av dei vaksne sine krigar og konflikhtar.

Når barn i krig og konfliktområde ikkje får utdanning, står eit heilt lands framtid på spel.

UNICEF hjelper barn som er krigsskada, slit med traumer, mange er foreldrelause, lever i fattige familiar, lever på gata, slit med fysiske og psykiske lidingar. Desse må få hjelp slik at dei kan få ei framtid.

Dette gjeld særleg i land som **Colombia, Mali, Syria, Pakistan og Sør-Sudan m.fl.**

Ordførar Ole Johan Vierdal er leiar i den kommunale komiteen for TV-aksjonen i Vindafjord og **Sakshandsamar for Service og fellestenester på Rådhuset, Gunnbjørg Nesbu** er sekretær.

Ordføraren har ansvar for at det blir oppnemnd **ein kontaktmann** i kvar av dei 9 bygdene i Vindafjord.

I Vats er det **Jon Olav Velde** som er kontaktmann for kommunekomiteen.

Han har tlf. **905 54 134** og e-postadresse: **veldejon@online.no**

Vil du bli med som bøsseberar, så ta kontakt med Jon Olav snarast.

NB! Alle bøssebererar møter i Vindafjordhallen seinast kl. 14.45 for å få sine bøsser utdelt.

Til alle husstandar:

Ta vel mot bøssebererane når dei bankar på døra søndag 22. oktober frå kl. 15.00 og utover.

Helsing **Jon Olav Velde**
- Kontaktmann i Vats -